

## Møtereferat

Dato: 24.10.2017

Emne:	<b>Politisk skuleval 2017 - evalueringsmøte med ungdomspartia</b>		
Til stades:	Senterungdommen v/ Inga Rullestad, Grøn Ungdom v/ Øyunn Kåset, Unge Venstre v/ Tobias Bashevkin, KrfU v/ Fredrik Henriksen, Opplæringsavdelinga v/ Astrid Synnøve Hjellbakk og Berit Nyland		
Forfall:	Sosialistisk Ungdom,.Unge Høyre, FrpU, AUF, Raud ungdom,	Sak: 2017/1202-13	
Møtetid:	Kl. 11.00-12-30	Møtestad:Fylkeshuset	

**Møteleiar:** Berit Nyland

Referent: Astrid Synnøve Hjellbakk/ Berit Nyland

**Orientering:** Dei tre skulane som var inviterte kunne ikkje sende representantar til evalueringsmøtet, men Opplæringsavdelinga har innhenta skriftlege tilbakemeldingar som vert presenterte undervegs i møtet. Liberalistene var ikkje invitert til evalueringsmøtet grunna retningslinjene om 1 prosents oppslutnad frå Udir( jfr. planleggingsmøtet av 05.05.17). Opplæringsavdelinga var observatør ved debattane i Sandslihallen og ved Olsvikåsen vgs

### Sak 1) Plan for gjennomføring av skulevalkampen

- Samlokalisering: Nytt av året her var samlokaliseringa mellom Åsane, Tertnes og U. Pihl vgs. Partia var stort sett nøgde med denne løysinga og ein vart samde om, dersom mogleg, å vidareføre dette fellesarrangementet ved framtidige val. Samlokaliseringa mellom Øystese gymnas og Norheimsund vgs. fungerte og bra. Administrasjonen har sett på samlokalisering av skulane i Sunnhordland, men finn at det er vanskeleg å finne gode løysingar for dette i denne regionen. Dette av orsakar som m.a. omfattande reisekostnadar, -tid og tap av undervisningstid.
- I Bergen Sør opplevde Stend og Sandsli vgs at samlokaliseringa i Sandslihallen var uheldig på grunn av logistikkproblem, noko som medførte stort tap av undervisningstid. Stend løfta òg problemstillinga rundt elevgruppa som, av ymse omsyn, ikkje kan delta i store arrangement. Det er derfor ønskeleg med ein eigen debatt på skulen. Opplæringsavdelinga tek dette til etterretning og vurderer alternative løysingar til neste val.
- Tidsrame på arrangementet: Partia melde tilbake at nokre skular valde ein annan modell på arrangementet enn det som var tilrådd frå skuleeigar ( 90 min debatt etterfulgd av ca. 30 min. valtorg). Nokre opererte òg med andre tidsramar enn dei som var tilrådd ( Føremiddag:09.00-11.30 og ettermiddag: 12.00-14.30. Det er viktig å formidle ei forståing hos skulane om at tidsrama er absolutt og at ev. særskilde omsyn til avvik må gjerast i god tid før debatten finn stad. Endringar kan ikkje gjerast når partia står ved døra sidan partia er sterkt pressa på tid og har store logistikkutfordringer.
- Debattleiing: Skulane vel ulike former for debattleiing. Partia opplevde i nokre tilfelle ulik fordeling av taletid og at nokre debattleiarar var partiske og tok del i debatten. Dei mindre partia opplevde at

dei fekk mindre merksemd og taletid enn dei store partia. Nokre debattantar stilte med effektar og laga grimasar når andre parti hadde ordet, utan at dette vart stoppa av debattleiar.

- Friskulane: Det har vore utfordrande for partia å oppnå kontakt med friskulane. Administrasjonen opplyste at friskulane har motteke same informasjon om skulevalet som dei offentlege skulane, men at berre eit fåtal av desse har svart på førespurnadar frå Opplæringsavdelinga. Partia ønskte ei tettare oppfølging av friskulane. Opplæringsavdelinga tek dette til etterretning.
- Innmelde tema/ saker til drøfting frå skulane: Eit mindretal skular sende inn tema til partia før debatten. Partia ønskte at tema bør meldast inn i god tid slik at dei kan førebu seg til ordsiftet. Skulane vert vidare oppmoda om å halde seg til tema i debatten. Ein representant fekk spørsmål utanfor oppsett tema.

#### **Vedtak:**

- Samlokalisering vert vidareført i størst mogleg grad.
- Opplæringsavdelinga vurderer om det er mogleg å strekke valkampen over fleire dagar
- Opplæringsavdelinga lagar eit utkast til endring av reiserute mellom skulane, som t.d. ved at ein legg nokre debattar til andre dagar og regionar enn den skulen høyrer til. Denne skal leggjast fram for partia på planleggingsmøtet med ungdomspartia til neste skuleval.
- HFK bør lage eit standardopplegg på korleis valdebatten skal gjennomførast, både med omsyn til tidsbruk på innlegg og replikkar, og korleis debattkultur og-leiing skal gjerast.
- t. • Skulane må få tydeleg melding om å halde seg til oppsett tidsrame og melde inn ev. avvik og tema i god tid.

Det er ønskeleg at skulane tek kontakt med partia og orienterar dei om opplegget ved skulen.

#### **Merknad**

Representantane frå Auf og FrpU hadde ikkje høve til å vere med på møtet. Dei har derfor gitt ei skriftleg tilbakemelding til møteleiar. I tillegg til problemstillingane som vart drøfta i møtet, peiker FrpU på at nokre skular hadde for mange partirepresentantar i panelet slik at ein opplevde at taletida vart for knapp.